

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Årdal vgs
Møtedato	31.08.2016
Kl.	10:00 – 15:30

Faste medlemmer til stades:

Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Senea Sabanovic (Ap)
Anders Ryssdal (Sp)
Ole Johnny Stubhaug (Sp)
Sonja Merethe Øvre-Flo (H)
Alfred Bjørlo (V)
Trude Brosvik (KrF)

Forfall til møtet:

Gunn Åmot Mongstad (Sp)

Varamedlemmer til stades:

Ingen vara hadde høve til å møta

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Hilde Kvamsås Aa
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide
Førstekonsulent Merete Husabø Nornes

Sekretariat for møtet:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 31.05.2016 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar frå Årdal vgs
Innleiing ved rektor Henny Midtun
Kva kjenneteiknar skulen?

Møte med leiing og tillitsvalde.

Tema 1: Gjennomføring og formidling.

- Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?
- Korleis samarbeider ein med lokalt arbeids- og næringsliv, inkludert Sogn Opplæringskontor, om å få elevane ut i lære?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.

- Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
- Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

- Kva saker arbeider elevrådet med?

Tema 1: Trivsel

- Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

- Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
- Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

Orientering av lærling i labradoriefaget ved Hydro Årdal.
I tillegg til orienteringane var det omvising på skulen.

Vidare var det følgjande orienteringar:

- ✓ Sogn opplæringskontor v/ Anne Kauppi informerte om deira arbeid.
- ✓ Bekka Skaasheim informerte om inntaks- og formidlingssituasjonen, oversikt ligg vedlegg til møteboka
- ✓ Bekka Skaasheim informerte om nyttilsette rektorar ved dei vidaregåande skulane:
 - Årdal vgs – Henny Midtun tilsett fom 1.8.16
 - Hafstad vgs – Nina Bygstad tilsett fom 1.8.16
 - Måløy vgs – Åsta Navelsaker Røed tilsett fom 1.8.16

SAK 21/16 Skriv og meldingar

VEDTAK:

Skriv til orientering:

1. Orientering om forprosjekt som skal starte opp i regi av Opplæringsfartøy AS, notat frå nærings- og kulturavdelinga datert 02.06.16.
2. Lov om endringar i opplæringslova (Friare skuleval over fylkesgrenser, praksisbrevordninga m.m.) LOV-2016-06-17-67, notat frå fylkesdirektøren datert 23.8.16
- 2a. Vedlegg 1: Høyring – Endringar i opplæringslova – friare skulevalg, høve til å tilby meir grunnskuleopplæring m.m., saksframlegg HO-sak 30/15 og FU-sak 122/15
- 2b. Vedlegg 2: Høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet: Endringar i opplæringslova – friare skuleval, høve til å tilby meir grunnskuleopplæring m.m.
3. Fraværreglene og trafikkopplæring, brev frå Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund datert 26. august 2016
4. Moment for å få endra 10% fråværsregel, brev frå John Ingvald Myklebust datert 18. august 2016
5. En stolt og nå urolig trafikklærers tanker om føreropplæring i 2016, e-post frå Kevin Hatlestad, Trafikk lærer i Førde datert 24. august 2016

SAK 22/16 Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.

3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement.
Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. HO vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det kjem fram av vedlegget 1.
Tilføyning til punkt 4 a)
Obligatorisk kurs i glattkjøring, langkjøring og oppkjøring til førerprøva vert å rekne som lokal velferdsgrunn (obligatorisk del av kjøreopplæringa.)
2. Fråværsreglementet skal gjelde frå 1.8.2016
3. For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutinane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.
4. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.
5. Leiar vert i samråd med fylkesordførar og Elevorganisasjonen bedd om å orientere Stortinget sin utdanningskomité om dei praktiske følgjene (vanskane) av det nye reglementet, og mellom anna få avklart om det er samsvar mellom vedtaket i Stortinget 14. juni om å oppheve fråværsgrrensa på 10 prosent, og forskrift vedtatt av Kunnskapsdepartementet 23. juni om innføring av 10%-regel med visse unntak. Vidare viktigeheit av likebehandling mellom fylka, sett i lys av av fritt skulevalg over fylkesgrensene.

Trude Brosvik (KrF) kom med følgjande tillegg til punkt 5 i fellesframlegget frå hovudutvalet for opplæring:

Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane søker departementet om å få utarbeide og opprette ei forsøksordning der køyreopplæring kan leggst inn i undervisinga i vidaregåande skule, t.d. som organisert studiearbeid. Eller at dei vidaregåande skulane i fylker er del av eit forsøk der køyreopplæringa, ev. deler av ho, får status som godkjent fritak.

Avrøysting:

Det vart stemt høvesvis mellom tilrådinga frå fylkesdirektøren og framlegget frå hovudutvalet for opplæring. Framlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Vidare vart det stemt over tilleggsframlegget frå Trude Brosvik. Framlegget fekk to stemmer, Sonja Merethe Øvre-Flo (H) og Trude Brosvik (KrF) og fall.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. HO vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det kjem fram av vedlegget 1.
Tilføyning til punkt 4 a)
Obligatorisk kurs i glattkjøring, langkjøring og oppkjøring til førerprøva vert å rekne som lokal velferdsgrunn (obligatorisk del av kjøreopplæringa.)
2. Fråværsreglementet skal gjelde frå 1.8.2016
3. For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutinane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.
4. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.
5. Leiar vert i samråd med fylkesordførar og Elevorganisasjonen bedd om å orientere Stortinget sin utdanningskomité om dei praktiske følgjene (vanskane) av det nye reglementet, og mellom anna få avklart om det er samsvar mellom vedtaket i Stortinget 14. juni om å oppheve fråværsgrrensa på 10 prosent, og forskrift vedtatt av Kunnskapsdepartementet 23. juni om innføring av 10%-regel med visse unntak. Vidare viktigeheit av likebehandling mellom fylka, sett i lys av av fritt skulevalg over fylkesgrensene.
